

Han er «Årets lærling» i vest

Sunnhordland Fredag 11. desember 2020

45

NÅR FOLK JUBILERER FORTENER DEI EIN OMTALE
Set deg ned og skriv nokre gode ord til slekt og vener, gjerne med bilete.
Hugs fullt namn på jubilar og avsendar.
Gå inn på folk.sunnhordland.no og legg inn helsinga di.
Du kan og senda til smaanytt@sunnhordland.no

• GO'UNGEN



Anniken Sagvåg Jensen
Hipp hipp hurra for solstrålo vår Anniken som fyller 1 år den 10. desember! Me er kjempelad i deg. Hilsen Emilie, mamma og pappa.



Anton Hovstad Skumsnes
Hipp hurra for Anton som vert 3 år på søndag! Blid, snill og alltid hjelpsom. Gratulera så masse med dagen! Klem frå mamma og pappa. Resten av familien helsar og!



Hanna-Marie Ellefsen
Nysæther. Tenk at prinsessa vår blir 10 år i dag 11.12. Gratulerer med dagen! Me er masse glad i deg. Mange klemmer frå pappa og mamma.



Frode Halvorsen
Hipp hurra og gratulera så mykje med 50-årsdagen i dag! Håpar du får ein strålendes dag. Me er glad i deg. Bursdagsklemmar frå gjengen din.



Anton Hjørtland Nilsen
Kjære gode Anton vår! Tenk no er du blitt 5 år! Omtenssom, god og snill, du hjelper alltid til! Du jobbar og hamrar, bygger og skrur. Du er kjekk å leika med, og er sjeldan sur! Me elsker deg, Anton! Stor klem fra Klara, Olive, mamma, pappa og mormor



Oddbjørn Chen Austheim
Denne smilande guten vert 2 år 11. desember, gratulera med dagen fra besteforeldre og alle andre som er glad i deg.



Severin Langaker 12 år.
Guten vår blir 12 år den 12 i 12. Gratulerer med dagen Severin, du er ein likandes kar og me er kjempetolt av deg. Klem frå mamma og pappa.



• GRATULASJON

DENNE VEKA PÅ



@Goddehesten

Indrefleiten på Bømlo ligg ifølge Bømlo-Nytt i eit planlagt hyttefelt på Sakseid. At hjarta ligg på Goddo er noko alle burde vita. #sjøkart19 #bømlagut

ROLF M. HALDORSEN,
patriot

@bentes172

Alderen tar meg aldeles, må sitte å knyta skoene.

BENTE SLAGGERUD,
køyrer safe

Superlokal



Blir kaifyll på Eldoyane ☺

@runrj076

Før i tido sa me bryggedans

RONNIE JØRGENSEN

@slitevik

Førjulstips til foreldre: Om du i morgon lar borna dine finne rampenissen drept i ein blodpøl på badet, så slepp du å finne på fleire idiotiske ting han må gjera fram til jul. Og du slepp å legge dei ut på Facebook. Du kan seie at det var eg som slo han i hjel.

LARS HELGE GROV,
mørk

@HKvarme

I dag harmonerte antall enheter i pølsepakken med antall enheter i pølsebrødpakken. Som ei åpenbaring viste 2020 seg å ikkje vær så aller verst likevel.

HÅVARD KVARME,
lys

@robert73voros

Klingsheimen bygger ut viko. Sjølv om eg bur i Bergen likar og dette. Frå fløyel og dongeri til seriøs konkurranse med meieri. Stå på Lars!

ROBERT VØRØS,
fanboy

@hauken21

Ronaldo med 750 mål. Einaste som kan visa nokolunde sama snitt er Jørgen Belt i Leivik Ballklubb

JAN MORTEN HAUKEFÆR,
fanboy II

Han er «Årets lærling» i vest

Engelsen bygg har ein god lærling.

► **Kristine Brandsdal Barane**
kristine@sunnhordland.no

I kåringa av «Årets lærling» i bygg- og anleggsbransjen i Vestland, delte Lillian Nummedal Bryn frå HS Bygg i Stryn sigeren mellom tømrarlærlingane med Filip Turkerud frå Sveio, tilsett i Engelsen Bygg i Sveio.

Turkerud får 10.000 kroner av Entreprenørforeningen Bygg – Anlegg, Vestenfeljske, som står bak kåringa.

Mellom betongfaglærlingane vart det òg kåra to på delt andreplass: Janniche Næss Bergås frå Backe Bergen og Audun Haukeland, som er lærling i Obas Vest i Bergen. Dei to på andreplass 5.000 kroner kvar.

Det er verksemdene som nominerer dei beste kandidatane til tevlinga om å verte «Årets lærling». Deira fråsegner om lærlingane sine faglege kva-



VINNAR: «Årets lærling» i tømrerfaget, Filip Turkerud, sammen med dagleg leiar Roald Urnes og HR-leiar Kristina Velde Sande i Engelsen Bygg. FOTO: PRIVAT

lifikasjonar og personlege eigenskapar, vert vurdert og bedømt av ein uavhengig jury i bransjen, kjem det fram i ei pressemelding. Vinnaren frå Sveio blir beskrive som ein usedvanleg positiv og engasjert lærling. Turkerud gjekk bygg- og anleggsteknikk på Haugaland vidaregåande.

– I Engelsen Bygg er han lærling på andre året, og dei seier i si fråsegn at Filip er ein usedvanleg positiv og engasjert lærling, som ikkje er redd for å stille kritiske spørsmål. «Han er lærevillig, pliktoppfyllynde, har stor arbeidskapasitet og eit sprudlande humor», står det i pressemeldinga.

– Eg er imponert over det faglege nivået til kandidatane, og over innsatsen leiarar og instruktørar i verksemdene gjer for å utdanne dyktige fagarbeidarar. Det seier jury medlem Mads Wiik Kleven, som representerer Fellesforbundet i styret for Byggopp Vestland.